

Flaumskadar

LUSTER: Bolstad og Heltne sameige har vore på synfaring i fjellet for å sjå kva skadar flaumen den 21. august gjorde. Dei registrerte store skadar både på bruer, klopper og elvefar. På Fossen var brua så skadd at den må demonterast og setjast opp på nytt før sauer kan passera. Sameiget vil organisera dugnad for å få gjort dei mest naudsynte repara-sjonane, skriv leiar Agnar Bolstad i ei orientering til kommunen.

Færre nybygg

OSLO: Byggearealstatistikken for juli viser låge igangsetjings-tal i alle sektorar. Hittil i år er det totalt registrert igangsett 24,3 prosent mindre bruksareal enn i same periode i 2008, melder Statistisk sentralbyrå. I dei sju første månedene i år er det starta bygging av vel 10.600 nye bustader.

Semje i mobbesak

LUSTER: Mannen som kjende seg mobba av arbeidskollegaene på Hydro Energi i Fortun har no fått erstatning av den tidlegare arbeidsgjevaren. Advokaten hans, Nina Gundersen Sandnes, fortel at dei har inngått eit utanomrettsleg forlik med Hydro Energi. – Innhaldet er konfidensielt, men vi kan seie så mykje som at vi har fått ein erstatningssum frå Hydro Energi som me er nøgde med, seier ho til Nrk Sogn og Fjordane. Det var i 2001 og 2002 mannen kjende seg mobba på arbeidsplassen sin i Fortun. Kollegaene skal ha lete vere å forhalde seg til han, dei skal ha gått frå kantina når han kom inn, og dei skal ha tukla med klede hans. Mannen er ikkje tilsett i Hydro Energi i Fortun i dag.

Statkraft vil ha Vigdøla og alle vestsideelvane

■ ■ Fem millionar for Luster ■ ■ – Blir ein tøff jobb ■ ■ Skepsis

JOSTEDAL: – Eg vil ha ut dei to elvane i Krundalen, forutan Vigdøla, blir eit slikt alternativ utgreidd?

Slik spurte Morten Simonsen, kommunepolitkar i Luster, då NVE lufta Statkraft sine planar for Jostedalen si vestsida, den til no urørde sida av det nasjonalparknære dalføret.

– Ja, det har me rekna på, og det blir utgreidd, seier Jan Riise frå Statkraft, og blir supplert av prosjektleiar Anders Korvald, frå same etaten.

Konfliktgraden

Vigdøla, på den austre sida av dalen, og vestsideelvane, kan til saman gje inn på 180 GWh.

Men ikkje alle er glade for at Statkraft sirklar inn vestsida. Statkraft sjølve er også vel klare over at deler av dette er kontroversielt. Konfliktgraden er stor, difor Simonsen sitt spørsmål.

– Og kva kan ei slik utbygging ha å seia for kommunen sine inntekter?

Skatteinntektene

Anders Korvald opplyser at det mest truleg vil vera snakk om samla skatteinntekter på omlag fire millionar kroner frå vestsida, og ein million kroner frå Vigdøla.

Dei to prosjekta er i ein tidleg prosess. Folkemøtet i Jostedalen før helga blei hale i høve at prosjekta er melde inn, som det heiter. Hotellet i Jostedal var fylt til siste stol, ingen tvil om at det er interesse for Statkraft sine planar. – Men det vil ta fleire år innan dette er i utbyggingsposisjon, seier Marthe Cecilie Pramli, som er NVE sin saksbehandlar.

Damvøling

Jostedalen er Statkraft sitt dalføre, frå før har giganten 451 GWh frå Leirdøla og 874 GWh frå Jostedal, i tillegg har dalføret to småkraftverk.

No ynskjer dei supplerer portefølja si med nye 48 GWh pluss 130 GWh frå respektive aust- og vestsida. Planane for vestsida er delvis påskunda av



BYGGJA UT ALT? Morten Simonsen melde skepsis til Statkraft sine omfattande planar for resten av den urørde vassdragsnaturen i Jostedalen, her saman med Jan Riise og Anders Korvald frå Statkraft.

pålegg Statkraft har fått om utbetringar på dammen i Leirdalen. Vestsiddeelvane har vore på dagsorden før, men Statkraft ser at desse no kan medverka til ny kraft i Leirdalen gjennom at dammen, som likevel skal restaurerast for store pengar, kan gjerast to meter høgre.

Store pengar

Eit nytt kraftverk, basert på Vigdøla, kostar 120 millionar kroner å byggja.

Inngrepet på vestsida, som

er eit eige prosjekt, omfattar åtte planlagde inntak, forutan 19 kilometer tunnel, som skal overføra vatnet til Leirdalen. Pris: Over ein halv milliard kroner. Om lønsemda i det siste seier dei to fra Statkraft: – Det er ikkje eit veldig godt prosjekt.

Men dei trur dei gjer det, likevel. Særleg om Liv Signe sine grøne sertifikat får omfatta vasskraft, også, som Sp-leiaren har sagt at det skal. – Det vil løfta lønsemda, seier Anders Korvald, og stadfestar

at Statkraft søkjer på alle vestsiddeelvane, dei to i Krundalen, også, som representerer 20 prosent, men som også krev seks av dei nitten kilometrane tunnel.

Urørde Krundalen

– Krundalen er urørd, det underslår me ikkje, det blir ein tøff jobb, seier Jan Riise, og høyres ut til å vera budd på at dei åtte inntaka kan bli seks, eller berre to.

For dei to småelvene lengst sør, Hompedøla og Kvernelvi,

som utgjer ti prosent, er også kontroversielle. Og heilt til slutt, frå salen, kjem dette spørsmålet: – Om alt dette blir utbygt, blir Nigardselvi den einaste attverande urørde i dalen, kva tenkjer Statkraft om det?

– Om det du nemner der blir understreka som ein svært uheldig konsekvens vil dette syna att i vurdringsgrunnlaget, seier Jan Riise.

Terje Eggum

terje.eggum@sognavis.no

Norman Borlaug er død

LEIKANGER: Normann Borlaug, som mottok Nobels fredspris i 1970, er død, 95 år gamal.

Han er mannen bak Den grøne revolusjonen, som hadde mykje å seia for kornforsyninga i mange land.

Norman Borlaug stamma frå Borlaug, no i Vik kom-

mune, og blei feira stort då han vitja Leikanger i 1976, seks år etter at han mottok prisen. – Han var ein sann humanist, sa president Jimmy Carter og viste til Norman Borlaug sin innsats for å ha løfta livskvaliteten til mange.

Norman Borlaug budde og jobba i Mexico i mange år, han døydde laurdag, på eit sjukehus i Dallas, Texas.



FREDSPRISEN: Norman Borlaug såg resultatet av eit meir robust kornslag alt på 40-talet, her saman med Terje Eggum under sistnemnde si vitjing i Sonora, Mexico, i 1981.

(Foto: Jonathan Bailey)